

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Vedtak

Referatsaker 1-11/14 og 13/14

I samband med referatsak 10/14 "Oversikt over større saker til politisk behandling våren 2014 - pr. januar" etterspurde **Benthe Bondhus** sak om kompensasjonsordninga. Fylkesrådmannen svarte at saka vil kome opp på neste møte i fylkesutvalet.

I samband med referatsak 8/14 "Grunnlovsjubileet 2014" gjorde **Mona Hellesnes** fylkesutvalet merksam på Hordaland fylkeskommune si rolle som samordningsorgan for arrangement i samband med jubiléet.

Til same referatsak spurde **Aud Karin Oen** om korleis 22. juli skal markerast. **Nils-Olav Næss** opplyste at det vert nasjonal markering.

I samband med referatsak 11/14 "Status for spørsmål/oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. januar 2014" etterspurde **Mona Røsvik Strømme** svar på spørsmålet om tilbodet til ekstremprematurre born. Fylkesordføraren svarte at det enno ikkje ligg føre svar på spørsmålet.

Referatsakene 1-11/14 og 13/14 vart tekne til orientering.

Referatsak 12/14

I samband med referatsak 12/14 "Bybanen Utbygging (BU), orientering om forsinkelser framdrift grunnarbeider byggetrinn 3" gjekk Stein-Inge Ryssdal frå som ugild fordi han er tilsett i Bybanen utbygging og har vore saksbehandlar for den aktuelle referatsaka. Jf. kommunelova § 40 nr. 3b.

Det var 14 representantar til stades.

Mona Røsvik Strømme oppmoda om at referatsaka også vert lagt fram for samferdselsutvalet.

Terje Søviknes påpeikte at detaljerte romprogram m.v. for vidaregåande skular vert lagt fram for politisk behandling, noko som ikkje er tilfelle for bybaneutbygging. Fylkesordføraren vil vurdere om det skal vere meir lik behandling for alle utbyggingar.

VEDTAK

Referatsak 12/14 vart teken til orientering.